

REGISTRERT I	
STIFTELSESRREGISTERET	
ANMELDELSEN 14/00 886	DOK NR 1
- 4 MAR 2014	
ORG NR 971 349 743	B66

## VEDTEKTER

for

### **Stiftinga Museumssenteret i Hordaland**

#### **§ 1 Namn**

Stiftinga sitt namn er Museumssenteret i Hordaland

#### **§ 2 Grunnkapital**

Stiftinga si grunnkapital er kr. 870 000.-.

#### **§ 3 Føremål**

Museumssenteret i Hordaland er ein kultur- og naturhistorisk museumsorganisasjon som har til føremål å drive bevaring, forsking, undervisning og formidling om kultur- og naturhistorie frå fortid til samtid, knytt til naturlandskapa, busettings- og bygningshistorie, nærings- og industriutvikling, sosialhistorie og samferdsel.

Museumssenteret i Hordaland skal utføre tenester innan samlingsforvaltning for musea i Hordaland.

Museumssenteret i Hordaland skal ha fagleg ansvar for og drifta dei einingar som inngår samarbeidsavtale med Museumssenteret i Hordaland. Fagmiljøa som er representerte ved Museumssenteret i Hordaland skal vidareførast og vidareutviklast.

#### **§ 4 Organisasjon**

##### **4.1. Styre**

Stiftinga skal ha eit styre beståande av 6 medlemmer:

medlemmar	oppnevnd av	funksjonstid
2	Hordaland fylkeskommune	4 år (valbolken)
1	Bergen kommune	4 år (valbolken)
1	Kommunane i Nordhordland	4 år (valbolken)
1	Universitetet i Bergen	2 år
1	Dei tilsette i Museumssenteret i Hordaland	2 år

Ved røystelikskap har styreleiar dobbelrøyst.

Begge kjønn skal vere representert i styret med minst 40 %.

Styremedlemmene kan berre sitje i to periodar samanhengande. Det skal nemnast opp personlege varamedlem for alle medlemmene. Deira funksjonstid skal følgje styremedlemmene si funksjonstid.

#### **4.2. Styret sine oppgåver**

Styret skal sjå til at stiftinga vert forvalta i samsvar med føremålsparagrafen i vedtekten og gjeldande lovverk.

Styret tilsett dagleg leiar og andre faste medarbeidarar. Styret kan delegere tilsettingsmynde til dagleg leiar.

#### **4. 3. Andre organ – Fagråd**

Styret kan oppnemne eitt eller fleire fagråd med medlemmer beståande av personar med særskild kompetanse innanfor stiftinga sine saksfelt.

Fagråda vil ha til oppgåve å gje uttale og råd til styret eller den øvrige verksemda i stiftinga, jf. stiftingslova § 36, 2. ledd bokstav h.

### **§ 5 Vedtektsendring og oppløysing**

#### **5.1 Vedtektsendring**

Endringar i vedtekten kan berre skje etter vedtak i styret med 2/3 fleirtal på to etterfølgjande styremøte.

#### **5.2. Oppløysing**

Framlegg om oppløysing skal fremjast som vedtektsendring, jf. § 5.1. Det er eit ønskje at dersom stiftinga vert oppløyst, kan alt som stiftinga eig tilfalla Hordaland Fylkeskommune, som kan overføra eignelutane til andre offentlege kulturinstitusjonar der det framleis kan tene museums- eller kulturvernføremål.

Vedteke på styremøte 15.12.2008 og på ekstraordinært styremøte 15.12.2008